



Tove(t.v.) og Birgitte hadde av naturlege grunnar rollen som leirsjefar for BRV denne gongen.

**Då eg besøkte Fjellandsbø i 20-tida fredag, vart eg overvelda over kor mange friluftselskarar som hadde slått leir ved inste enden på vatnet. I tidlege føremiddagstimar laurdag fekk eg tips om at det var komme endå fleire. Det var ein gjeng som hadde slått leir ved heimre enden av vatnet også.**

Då eg oppsøkte leiren, fann eg to damer som sat godt tilbaketil i stolane sine og nytte det herlege sommarveret. Det var Tove Kallevåg-Albrektsen og Birgitte Heide frå Bratte Rogalands Venner (BRV), ein fjellklatrarklubb med base i Stavanger. Førstnemnde er til og med president i klubben.

Dei kunne fortelja at dei var 8 stykke som hadde budd i leiren med to telt og ein lavvo frå seint fredag kveld. Dei venta på 3 klatrarar til som skulle koma i løpet av føremiddagen.

Dei hadde kome til Fjellandsbøvatnet i 22-tida fredag. Før det hadde dei vore på koseleg kaffibesøk hos Sølvi Eik, utflytt uskedaling som også er medlem i Bratte Rogalands Venner. Ho var heime på Kjærland, og ikkje med på turen.

Då eg var innom leiren, var 4 og klatra i veggane medan 2 var på tur saman med 2 bikkjer. Tove og Birgitte er også klatrarar, men at dei tok det med ro i leiren hadde si naturlege forklaring. President Tove hadde brekt leggen medan Birgitte var i svært lukkelege omstende og tok det med ro av den grunn.

Dei fortalde at dette var starten på ferien for ein del av gjengen, og etter Uskedalsopphaldet venta ein tur heilt opp til Lofoten.

- Ein perfekt start på ferien. Det er jo berre så nydeleg her, var helsinga frå dei to.



Taulaget frå følgjet til Tove og Birgitte i veggen. (Foto: Eirik Larsen)

I tillegg til dei som har slått leir ved vatnet, er det også mange som tar dagsturar opp dalen for å klatra i Ulvanåso. Dei bur nok ulike stader, men Magne Heggøy ved Rabben Feriesenter AS fortel at han har ein del klatrarar, m.a. frå Nord Norge, buande på campingplassen. Gunn Mari Moberg på Spar har også registrert at dei har hatt mange kundar i dag som skal klatra. Ho har inntrykk av at det er mange austlendingar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Eirik Larsen